

Innkalling med agenda til SU-møte:



Tid: kl.18.30-20.00

Dato: 09.04

Stad: Skogsvåg skule

Oppmøte: Rektor (Ingrid Hestad), Martin Hufthammer (FAU), Beate Høyland (tilsett skule), 2 elevar frå elevrådet

SAK 1. Frå skule ved rektor og elevråd:

- **Økonomi:** styrer i balanse inn i nytt budsjettår 2026. Pr.no har skulen eit lågt sjukefråvær blant tilsette og det spelar positivt inn på vikarutgiftane. Elevfråvær på veg ned, henger ofte saman. Stabile vaksne, auker trivsel.
- **Kvalitetsarbeid:** skule jobbar med dysleksivenleg skule, system – lesing – dysleksivenlege klasserom. TRYGG – felles årshjul med tema og mål, trygge elevar og vaksne, trygge friminutt, trygge-samarbeid, trygge overgonger. Kvalitetsdialog gjennomført den 08.04 med vekt på utviklingsarbeid, handlingsplan og revisjon av den. Elevrådet fortel og les opp oppgåvane dei fekk inn mot førebuingane til kvalitetsoppfølgingen. Dei fortel om kva som er viktig at dei vaksne på skulen gjer, føresette gjer og elevar. Dei snakkar om korleis skulen skal vere trygg. Elevrådet var med inn i kvalitetsdialogen og gjorde ein kjempe god jobb.
- **Skulemiljø:** arbeid med TRYGG pågår. Rektor fortel at det er eit godt arbeid på alle trinn. Elevane fortel om komeptansen og det dei lærar gjennom TRYGG. Dei snakkar om leikeleiarane, tryggleiarane og snill er kult. Det er gjennomført relasjonskartlegging og trivselsundersøking på alle trinn og heile personalet har vore involvert. Elevane seier at dei sjeldan ser nokon aleine ute, og det er mange greie vaksne som passar på og føl med. Dei meninar at alle elevane er meir bevist på åtfërda si gjennom TRYGGARBEIDET på skulen. Elevrådet fortel at alle elevane har jobba med sjølvkontroll, ansvar, respekt m.m og dette gjer at dei har fått ein kompetanse. Dei meiner elevane på Skogsvåg er heldige som får denne kompetansen før ungdomsskulen, og set ord på at dei førre 7.trinna ikkje var like godt førebudd på MOT som dei no er. Elevane tørr å sei viss noko ikkje er greit og dei gjer beskjed. Fagarbeidar som er med på møte fortel at alle på heile skulen veit kva TRYGG er. Ho er overbevist om at det har hatt stor effekt og imponert over elevane. Ho fortel frå TRYGG-timar på trinn at elevane er gode på å sjå kvarandre og dei kan kommunisere om seg sjølv. Dei har eit betre språk for og kan sette ord på det dei tenkjer og kjennar på. Ho fortel om ein positiv trend og alt til saman vert eit bra resultat. Det er eit stort fokus på dette og elevane tørr å stå opp for kvarandre. Elevrådet seier heile skulen er på jobb for TRYGG, og elevane tek meir ansvar.
- **Skjerm:** FAU spør om politikerne i kommunen kan ta opp sak. Dei ønskjer informasjon om kommunen sitt ståstad iht. skjermråd? Det er mykje engasjement i skulane og fleire tilsette i skule brukar mykje tid på dette, sjølv om det ikkje gjeld i

skuletid. Skulen er mobilfri, men skule ser på dette som viktig når det som skjer på fritida påverkar skulekvardagen og livet til elevane våre. Elevane seier at ein treng telefon for å ringe ein ven. Utan smarttelefon vil ein kunne snakke meir saman. Elevane ser for seg at utan telefon ville ein t.d snakka saman på veg til bussen. Alle ser på mobilen sin og det er ikkje så mange som snakkar saman. Dette tenkjer elevane er dumt. Elevane trur at dei kanskje ville vert meir kreative utan telefon og kanskje dei hadde leika meir. Elevane ønskjer balanse i skulen mellom skjerm og bok. SU ønskjer at kommunen kommer med eit standpunkt til innbyggjerne i Øygarden kring tema.

- **Ferie-SFO:** alle føresette må følgje med på informasjon som kjem. Kommunestyret har jobba med saka. Det kjem endring i vedtekter, søking SFO og ferie-SFO.
- **Status i sak vedr. gamlebygget:** det er gjort inneklimatemålinga og skule har fått tilført ekstra ressurs knytt utfordring. Skule må organisere seg på best mogleg vis for å ikkje nytte areal utover det som er innafor iht. kapasitet.
- **Nytt skuleår:** 29 skulestartarar, ganske stabilt elevtal og det gjer at ressursane heldt seg stabile. Positivt at skulen får noko ressurs til miljørettleiar og vikarbudsjet.

SAK 2. Frå kommunestyre:

- **Plan og utval skal gjennomføre tilsyn på Skogsvåg. Det er eit ønskje om autovern. Onsdagar kl.14 er eit godt tidspunkt.**
- **Ferie-SFO er sak i kommunestyret.**

SAK 3. Tilbod sone sør:

- **Kartlegging i sone sør:** Det er ønskjeleg å kartlegge tilbod i sone sør. Su treng at informasjon frå kommunen kjem tydeleg nok ut til innbyggjarne. Ein treng oversikt over frivillige tilbod og organisert tilbod. Det har vore undersøking ute der folk har kunne melde inn. Skule ønskjer oversikt over tilboda for å kunne støtte føresette med god nok informasjon. Politisk talsperson seier at kulturavdelingen jobbar med oversikt. Rektor er positiv til at oppvekst kan samarbeide som informasjonskanal. I ein inkluderingstanke veit vi at involvering i aktivitet og nærmiljø er ein beskyttelsesfaktor for utanforskap.

Eventuelt:

- **Ny møteplan kjem til hausten.**